

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
055/23	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.05.2023
057/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pelle Engeseter	23/1360

## Politisk avklaring planinitiativ Haus næringsplan

### Vedlegg:

Planinitiativ - Haus Næringspark  
Planavgrensing

### Plan- og kommunalteknisk utval - 055/23

#### PL - behandling:

Øyvind Litland ønskja sin gildskap vurdert grunna familiær relasjon til tiltakshavar.

-----  
Øyvind Litland, AP, forlet møte  
Herdis Helle, AP, møtte som vara for Øyvind Litland, AP.  
4 av 5 medlem/varamedlem tilstades

#### AVRØYSTING GILDSKAP:

Utvalet fann Øyvind Litland, AP, ugild etter fv. §6

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### PL - vedtak:

Planinitiativet, jf. planID 46302023003, vert godkjent.

### Heradsstyret - 057/23

#### HS - behandling:

Øyvind Litland, AP, ønskja sin gildskap vurdert grunna familiær relasjon til tiltakshavar.

-----  
Øyvind Litland, AP forlèt møte  
Herdis Helle, AP, møtte som vara for Øyvind Litland, AP.  
27 av 27 medlemmer/varamedlem tilstades

#### AVRØYSTING GILDSKAP:

Heradsstyret fann Øyvind Litland, AP, ugild etter fv. §6

-----  
Frode Flesland, SP, ønskja sin gildskap vurdert då han som grunneigar har ein forretningsforbindelse med ein av interessentane i tiltaket.

-----  
Frode Flesland, SP, forlèt møte  
Kjellaug Hartveit, SP, møtte som vara for Frode Flesland, SP.  
27 av 27 medlemmer/varamedlem tilstades

-----  
**AVRØYSTING GILDSKAP:**

Heradsstyret fann Frode Flesland, SP, gild etter fv. §6

-----  
Kjellaug Hartveit, SP, forlèt møte  
Frode Flesland, SP, kom tilbake i møte  
27 av 27 medlemmer/varamedlem tilstades

-----  
**DEPUTASJON FRÅ MJELDALEN GRENDALAG**

Leiar for utvalet, Lars Fjeldstad, SP, les deputasjonen:

*Henstilling til politikarane som skal handsama innspel vedrørande Kommunedelplanens arealdel, KPA 2023 – 2035, 21.juni 2023, innspel nr. 209, Haus – Mjeldavågen  
Mjeldalen grendaråd*

*Politikarane på Osterøy er no kanskje i ferd med å etablera eit regulert næringsområde midt i LNF-område og LNF-hensynssone i sjølve inngangspartiet til Mjeldalen ved Mjeldavatnet – nærast som ei hastesak.*

*Mjeldalen er noko av det vakraste vi har på vestlandet. Verdiane her ligg i kulturminner, kulturlandskap, matproduksjon, rekreasjon og livskvalitet både for dei som bur her og for dei som vitjar Osterøy. Osterøy har mange områder som er eigna til næringsområder. Det verkar meiningslaust å presse fram næringsareal i eit så lite eigna område som her.*

*Sprenging og masseuttak på det omtalte området starta ca. i 1992. Det ryktast at kommunen den gong gav eit løyve på tiltak på ein liten del av tomten, forutsett at det skulle førast attende til opphavleg landskap med masser frå vegbygging til Åsheim. Vi ventar på dokumentasjon på dette. Kan sakshandsamarane vise til dokumentasjon på at utsprenging og masseuttak frå det omtalte området på noko seinare tidspunkt har hatt løyve ut over dette vesle tiltaket?*

*Det har i løpet av dei åra det har vore sprengt og bora på eigedomen vore kjørt tungtrafikk med masser opp og ned gjennom dalen.*

- 1. Har ulempene dette har medført for dei som bur i området i forhold til støy og støv nokonsinne vore vurdert?*
- 2. Har utsleppa vi har vore vitne til i Mjeldavatnet vore vurdert?*
- 3. Har ulempene i forhold til same tungtrafikk vore vurdert i Midtmjelde, der bebuarane får denne trafikken nærast kjørt inn i hagane sine, tett opp til verna hus frå 1600-talet?*
- 4. Har det nokonsinne vore vurdert kva farer borna vore har vore utsett for i samband med tungtrafikken til og frå steinbrotet?*
- 5. Og har det vore vurdert kva risiko ut og innkjøring på tomten vil ha å seie dei nærmaste åra for dei som dagleg ferdast til og frå jobb og til og frå barne- og ungdomsskule utan fortau når x antall bebuarar skal ut med bilar til jobb? At denne vegen er vårt einaste alternativ og mange av oss som mjuke trafikanter ikkje ein gong vågar å gå tur der?*

*Alle steinbrot skal registrerast hos Direktoratet for mineralforvaltning, og vurderast der. Det finnest ikkje noko unntak frå dette. Har ordføraren ei forklaring på korleis det har seg at Direktoratet for mineralforvaltning i Norge berre har to steinbrot registrert på Osterøy, og at det rådmannen omtalar som «det gamle steinbrotet i Mjeldalen» ikkje er registrert her?*

*Osterøy kommune må stimulere til bærekraftig næringsutvikling, og har heldigvis mange områder som eignar seg til næringsområde. Mjeldalen er ikkje eit av desse områda. Enkelte påstår at dette området, som allereie er «herpa», no må nyttast til noko fornuftig. Det sentrale spørsmålet er korleis lokale myndigheter har kunna la entreprenørane «herpa» området i så mange år utan å ta omsyn til kva vi som bur i dalen tenkjer og føler. Utan å ta omsyn til kva verdier og kvalitetar som i realiteten ligg i dette vakre området. Før ein pressar fram ei regulering må det diskuterast kva vi vil med øya vår og verdiane som ligg i enkelte av desse store og viktige kulturhistoriske områda.*

*Kva grunn nokon har til å presse fram denne typen utvikling i eit område som Mjeldalen er uforståeleg og absurd.*

Kim Andre Harveit, FRP, hadde slikt innsendt spørsmål: Viser til sak 057/23 der er det lagt fram et planinitativ for Haus Næringspark.

Dokumentet er basert på at området er sprengt ut og planert sidan det har vore eit tidlegare masseuttak.

Men er det gitt løyve til dette masseuttaket? Sjå kartet.

Er det ikkje er gitt løyve til masseuttaket eller dette er omsøkt, må i så fall planinitativet ta utgangspunkt i den situasjonen som det er gitt løyve til eller ikkje.

Ber om at det blir lagt fram løyver som viser at masseuttaket er blitt til på lovlig måte seinast i møtet onsdag.

Kommunedirektøren gav slikt svar: Me har ikkje hatt tid til å sjekke i historisk arkiv og kunne ikkje finne noko i arkivet så langt som me har tilgang til no. Uavhengig av om dette er eit lovleg eller ulovleg steinbrot vil dette vera eit lovleghetsspørsmål, ikkje eit spørsmål som omhandlar denne saka. Me kan undersøke dette nærare.

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne, V, hadde slikt framlegg:

Planinitiativet, jf. planID 46302023003 vert ikkje godkjent, med grunnlag i det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og at det innan kort tid vil vere tilgang til store ledige næringsareal på Espevoll.

Tilleggspunkt: heradsstyret ønskjer at det i arbeidet med kommuneplanen vert vurdert om området ved Mjeldavatnet skal avsetast til anna føremål enn næring/industri, og inngå i ei større omsynssynssone som gjeld kulturlandskapet i Mjeldalen.

#### **AVRØYSTING:**

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne, V, sitt framlegg vert vedteke: 15 for (7FRP, 1MDG, 3KRF, 2SV, 1H, 1V)

Plan- og kommunalteknisk utval si innstilling fell 12 for (4AP, 5SP, 3H)

-----  
Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

-----  
Herdis Helle, AP, forlèt møte  
Øyvind Litland, AP, kom tilbake i møte  
27 av 27 medlemmer/varamedlem tilstades

**HS - vedtak:**

Planinitiativet, jf. planID 46302023003 vert ikkje godkjent, med grunnlag i det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og at det innan kort tid vil vere tilgang til store ledige næringsareal på Espevoll.

Tilleggspunkt: heradsstyret ønskjer at det i arbeidet med kommuneplanen vert vurdert om området ved Mjeldavatnet skal avsettast til anna føremål enn næring/industri, og inngå i ei større omsynssynssone som gjeld kulturlandskapet i Mjeldalen.

**Saksopplysningar:**